

# HYRDINGEN



NR. 3

Juni 2015

ÅRGANG 57

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Feiring av nasjonaldagen 70 år etter freden (Bilete frå Vikebygd)

## Sideoversikt

Kateketen har ordet .....	2	Vikebygd kyrkje .....	5	Gudstenester og møter .....	10
Vikestølsmøtet .....	2	Dei som ga livet sitt for freden ...	5	Frå kyrkjboka .....	11
Redaksjonspennen .....	3	Konfirmantar 2015.....	6	Møter og kungjeringar .....	11
Fellesgudsteneste i Imsland .....	3	Lundeneset satsar med nybygg.	8	Barnas side .....	12
Freden i 1945 .....	4	Annonsar og kunngjeringar .....	9		



#### **HYRDINGEN:**

Ansvarleg: Steinar Skartland  
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3201.53.18049  
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,  
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

#### **SOKNEPRESTANE:**

##### **Soknepresten i Ølen**

Johannes Nedreliid, Eiotunet,  
Pb. 60, 5588 Ølen  
Tlf. 53 65 65 41 Faks 53 76 72 00  
Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedreliid@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12  
ons kl. 12.30-14

##### **Soknepresten i Skjold**

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje, Pb. 6,  
5574 Skjold. Fax: 52 76 73 89  
Tlf. 53 65 57 94  
Mobil: 932 45 645

jon.adnoy@vindafjord.kommune.no  
Kontorass. Marit Hegrenes  
Tlf. 53 65 57 96

##### **Soknepresten i Vikedal**

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,  
Kyrkjevegen, Pb. 40, 5583 Vikedal  
Mobil 413 25 280  
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

#### **Kateket Britt Karstensen**

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80  
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

#### **Organistar:**

Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

#### **Haugaland Prosti:**

P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00  
Prost Norodd Stavenjord  
Mobil: 97 76 57 18

#### **Prostiprest Einar Andreassen:**

Mobil: 971 08 788

#### **Kyrkjeverja i Vindafjord:**

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93  
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

#### **Soknerådsleiarar:**

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vikedal: Herdis Pedersen  
Sandeid: Rakel Årak  
Vats: Arild Urdal  
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug  
Bjoa: Trond Ove Alvseike  
Vikebygd: Brit Nelly Tveit  
Skjold: Ottar Krakk

## **Kateketen har Ordet**

Av Brit Karstensen



## **Hipp Hurra!**

I det siste har vi hatt mange raudedagar – dagar der flagget skulle til topps, finstasen ut av skapet og kakene på bordet. For oss som har feira konfirmantar har det blitt ekstra stor dose.

Sist i rekka av raudedagar i mai kom pinsa. Den helga var kan hende for mange ei frihelg frå all festivitasen, men flaggdag var det no uansett. Kanskje har vi gløymt litt at pinsa er ei høgtid på linje med jul og påske i kyrkja, og så absolutt verdt ein fest?

Det er litt underleg dette med pinsedagen. (Du kan lesa om det i Apg kap.2). Det er snakk om både eldtunger og buldrande lyd, store folkemengder og forvirring. Kanskje høres det meir ut som ei naturkatastrofe eller ei sirkusførestilling enn noko som har med kyrkja å gjøre? Likevel vert dette rekna som kyrkja sin bursdag, dagen då dei kristne for alvor begynte å byggje fellesskap.

Kva var det då eigentleg som skjedde? Vi hører at disiplane fekk Den Heilage Ande i gåve. Vi har lest om Den Heilage Ande før i Bibelen, det var ikkje noko nytt, men det var nytt at denne Anden til tru og trøyst, mot og meiningsno skulle «ausast ut over alle menneske». Anden var ikkje lenger berre for spesielt utvalde, nei, alle skulle få høve til å få denne gåva. Anden skulle være ei verksam kraft i det daglege fellesskapet av dei truande.

Når eg auser opp noko, så er det med ei kjensle av å være raus. Det

er ikkje snakk om måling med spisekseier eller desilitermål, nei her außer ein oppi så mykje ein får plass til i ausa og fyller på til skåla er full. Og som oftast er det snakk om påfyll i tillegg. Slik er det med Anden også, her er rikeleg til alle og påfyll så det rekker.

I Norsk Bønebok (-du finn den bak i den nye salmeboka) står ei bøn for Pinsedagen som vekkjer tankar om kor stor og viktig denne gåva er:

Du gode Heilagande,  
deg vil vi takke ogprise,  
du Guds lys i vårt mørke,  
Guds kraft i vår veikskap  
og Guds trøyst i vår sorg.  
Når du kjem, vert livet skapt.  
Når du talar, får ordet makt.

Når du rører ved oss, finn vårt urolige hjarte fred i trua på Jesus Kristus, Guds einbårne Son. Bli hos oss og gjer det openbertyr for alle at i Kristus er Guds frelse komen til verda, og i hans rike er alt lys i lys  
frå æve til æve.

I pinsa feira vi at Anden framleis blir aust ut over oss alle, med påfyll, heilt gratis! Sjølve flaggdagen er over, men Anden er heldigvis med oss vidare slik at vi frimodig kan gå framtidia i møte, byggje gode fellesskap, være «pinsevener» i ordets vide forstand og la sjela bli fylt med glede og takksemd.

Hipp Hurra!

#### Førehandsomtale:

## **Vikestølsmøtet 28. juni**

Tradisjonen med stemne og evangelisk møte på Vikestølen tok til året 1900. Då samlast dei frå kyrkjesokna Ølen, Bjoa, Vikebygd, Skjold og Vats. I år vert møtet oppe på Vikestølen søndag 28. juni klokka 12:00. Hovudtalar er tidl. Sokneprest Bjarni Hjelvik og her blir song av Per Egil Meling frå Vats. Etter ei matøkt der folk har med seg niste, blir det

ettermiddagsmøte og avslutning.

For dei som vel å gå frå Vikebygd (v/kyrkja) tek turen noko over ein time på god traktorveg. Frå Eikås på Bjoa tek turen ca. 45 minutt til fots. Er været bra blir møta ute på den gamle stølen, men ved regn har vi hytta å gå inn i.

Vi ynskjer alle velkommen til samling i fjellet.

Styret for Vikestølsmøtet.

# Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

Denne våren har vi feira 70 år med fridom for landet vårt. Ein fridom vi ikkje fekk utan kamp. På nasjonaldagen har vi også markert grunnlova vår. Den er på mange måtar fundamentet for fridomen. Men viktigast av alt er at det som er sentralt i feiringa den 17. mai, det er borna. Dei er framtida. Dei skal få veksa opp i det landet som vi byggjer. Både når det gjeld tankesett, korleis vi løyer utfordringar og korleis vi vel å ordleggja oss.

På nasjonaldagen syng vi: «Får Gud ikkje vera bygningsmann, me fåfengt på huset byggja.»

Gjennom tusen år har bibelen vore eit grunnlag og ei inspirasjonskjelde for dei som har bygd opp landet vårt. Rettesnorene i dei 10 boda er eit godt grunnlag å formidla til borna våre, t.d.: Du skal heidra far din og mor di, Du skal ikkje stela, Du skal ikkje slå ihel, osv. Vi treng gode levereglar, eller ei grunnlov for livet vårt. Å halda desse idealene høgt er å la Gud vera bygningsmann.

Aldri meir krig, sa dei. I vårt land har vi klart å leva i fred, men ute i verda er det mange krigar. Også i form av terror. La oss ikkje falla i freistinga for å hemna, men å halda fast i dei gode idealene. La rettssystemet virka og politiet gjera sin jobb. Tala vel om kvarandre og ikkje minst: Lat oss halda fram med å feira nasjonaldagen med tog, jubel, leiker og med å setja borna i sentrum for dagen. Dei er framtida vår.

## Haugaland prosti

Prost Norodd Stavenjord slutta offisielt 1. mai, men held fram i stillinga i 2 månader. Deretter overtek Arne Aurdal inntil vidare.

## Supplerande nominasjon Ølen sokn

Detervaltilnyttsokneråd 14.sept2015.Ølen sokneråd har opna opp for supplerande nominasjon til sokneådsvalet, jmfr. valreglar §7-6. Soknerådet inviterer deg med dette til å vera kandidat. Forslag sender ein til leiar i Ølen sokneråd Liv Ingunn Heie Medhaug, tlf. 95123371, eller på e-post til olen.sokneraad@vindafjord.kommune. Frist 8.juni 2015.



Prestane helsar på kyrkjelyden

## Kristi Himmelfartsdag

# Fellesgudsteneste i Imsland kyrkje 14. mai

Av Steinar Skartland

**Gjennom 10 år har det vorte  
ein tradisjon med felles guds-  
teneste for heile Vindafjord i  
Imsland kyrkje Kristi Himmel-  
fartsdag. Denne gongen kom-  
binert med «Syng med oss»  
samvær på bedehuset.**

Alle dei tre sokneprestane, Johannes Nedrelid, Harald Eintveit og Jon Ådnøy, deltok på gudstenesta i den vakre kyrkja. 60 deltakarar frå heile kommunen ville nyttja høvet til å feira denne kyrklelege høgtidsdagen der tekstane talar om då Jesus, etter si oppstode, for opp til Himmelten. Jon Ådnøy understreka at desse små-orda i språka (preposisjonar og adverb) ofte kan utgjera små forskjellar i korleis ei setning får

meining og tyding i ulike språk. 'For opp til Himmelten' tyder ikkje nødvendigvis opp til den blå himmelkvævelen vi ser, men til den plassen der Gud er.

Ute varma sola og våren var på sitt vakraste med blømende frukttrær og planter som omkransa kyrkja og utgjorde ei flott ramme om dagen. Ein del av kyrkjegjestene valde å prisa skaparverket med ein tur til fjells etter at gudstenesta var over, men mesteparten flytta seg over til bedehuset like ved. Her var det kyrkjekaffi og allsong, leia av søskena: Olaug Bjelland Jacobsen, Bjørg Torland og Ingebrigt Bjelland. Ingebrigt er ein dyktig musikar som denne dagen trakterte trekkspillet.



Borgny Hustoft, Harald Eintveit og Anne Marie Håvardsen

Sjeldan har glede blitt så mange til del i landet vårt, som då freden kom i 1945. Etter 5 lange år med redsle, sakn, og mange vonde hendingar, vart fredsdagane – for mange av oss - eit av dei sterkeste minna me har.

Nokre hadde «ulovleg» radio, og 7. mai plukka somme av dei, opp melding frå London om at det var fred. Nokre heiste flag, andre våga ikkje, for tenk om det ikkje var sant? – Men 8. mai var det ei enorm bølgje av glede og jubel som breidde seg over landet - Det var fred!

Noko av det første som vart arrangert, var ringing med kyrkjeklokken og takke-gudstenester i kyrkjene.

Sokneprest Lehmann har skrive opp i «dagssregisteret» : «8. mai. Skjold kyrkje: Klokkerking kl. 3 – 4 . Andakt i kyrkja. Møte i Vats kyrkje. - Den 13. mai, Gudstenestemøte i Grinde bedehus. - 17. mai Barnegudsteneste - i Vats kyrkje. (Så brurevigslle i Vats kyrkje!) og barnegudsteneste i Skjold. (Familiegudsstenestene vart kalla barnegudstenester) – Den 10. juni heldt sokneprest Lehmann takkegudstenester/fredsgudstenester - i Skjold, Vats og Vordeneset

Sokneprest Sverre Aarseth har skrive litt om tenesta si i Ølen/ Bjoa, og me hentar opplysningar frå hans eigne ord frå krigstid og fredsdagar. Soknepresten var arrestert på Bjoa 19. sept. 1944 etter å vore innblanda i noko motstandsarbeid som delvis vart oppklara i Stavanger. Han vart hardt torturert om bord på ei skøyte ute ved Romsa.

Etter fleire veker i kretsfengselet i Bergen, og Gestapohuset i Veiten, bar det til fengselet i Stavanger, og så til Møllergt. 19 i Oslo. -- «Etter sju månader i fengsel der, vart vi overførte til Grini 7. mai, og kom ut 9. mai.» -- «17. mai fekk tannlege Torsen og eg velkomsthelsing ved Ølens-kyrkja, borene på gullstol!»

Sokneprest Johan Svendsen har ført følgjande i kallsboka til Vikedal prestegjeld: «Freden og gjenopptagelsen av vårt embete. Omsider slo fredens og frihetens time også for vårt land. Freden ble ringt inn her i Vikedal som overalt elles i landet den 8. mai 1945 kl. 3 – 4 ifl. telegram fra kirkeledelsen».

Solveig Eidhammer har skrive ein



# Freden i 1945

Av Jens Tveit

del om krigen og fredsdagane. Om møtet i Vats kyrkje fortel ho: « Og så festmøtet i kyrkja – der var det stu vande fullt! Der var også 2 franskemann som hadde vore gjøymde i bygda ei tid. Sokneprest Lehmann tala til dei på fransk, så fekk dei og dela gleda med oss. - Heimefronten i bygda som vart presentert, vart møtt med klapping. Særleg hugsar eg Sakarias Nesheim som kom rett frå pinleg forhør hjå gestapo. Radioapparat som hadde vore i bruk, vart synte fram. Særleg hugsar eg eitt som hadde vore gjøymd i ein hol hoggestabbe, det var i bilverkstaden på Sandnes dei hadde hatt den.»

På besøk hos Solveig fortel ho at ho hugsar godt møtet i kyrkja 8. mai. «Det var Jublante song – og nasjonalongane gjorde sterkt intrykk!»

-Det var til og med matpause i kyrkja, og Thea Holgersen hadde med seg ein diger kjel som ho koka erstatningskaffi på. (I etterkant var det dei som mente det var næraast ugudeleg med mat inne i kyrkja.) - «Dette året kom våren tidleg, og når eg tenkjer attende, så ligg det ein dåm av sol, glede og takksemd over det som me kallar fredåret. Men eg kjem i hug det som mor mi sa: «Eg tenkjer på dei som ikkje fekk sine att.» - Me veit at mange av dei som var ute i «hardt ver» på land og på sjø, fekk varig skade , og fekk ikkje den hjelp og påskjønning som dei hadde bruk for , og krav på».

Erling og Magnus Galland hadde sterke opplevelingar i slutten av krigen, og dei fortel. - Heimefronten i bygda hadde gjøymt våpen på garden deira, Bjerga. Ca. 13. april vart Andreas, bror deira, arrestert for

mistanke om medverknad. Nokre dagar seinare melde faren, Ommund, seg for «tyskarane», for dei hadde truga med å brenna ned husa på garden om han ikkje kom. (Og for å syna alvor, hadde dei skote mot stovehuset deira. Kula gjekk gjennom kjøkenveggen medan mora var på kjøkenet).

Ommund kom heim frå fengselet i Stavanger 9. el. 10. mai. Men når det galdt broren, Andreas, måtte dei venta til uti juli før dei fekk sjå han. Han hadde fått blindtarmbetennelse medan han var i fengselet, og måtte på sjukehus etterpå. – Men han var også blitt psykisk skada. Langt oppi vaksen alder fekk han mot til å fortelja at han bar på ei stor redsle for å gå inn ei kontordør. Synet som hadde møtt han då han blei lost inn døra til gestapo - var blod på golvet! Dette forfulgt han resten av livet.

Erling og Magnus hugsar godt fredsdagane. Erling var i kyrkja 8. mai, og hadde med seg franskmannen Ernst Vikerø, som hadde gjøymt seg på Bjerga sidan aug. 1944. Presten intervjuet denne mannen på fransk. Erling hugsar og kor mektig det var då ein mann song solo: «Fred hviler over land og by».

Desse tvillingane, Erling og Magnus meiner at det mest var verre å venga seg til freden enn krigen. «Me hadde bore på ein vond «klump i magen» som gjorde noko med oss» seier dei næraast i kor.

Fred hviler over land og by,  
ei verden larmer mer;  
fro smiler månen til sin sky,  
til stjerne stjerne ser.

# Dei som ga livet sitt for freden

Av Steinar Skartland

Nasjonaldagen vår, som har sitt utgangspunkt i at den norske grunnlova vart vedteken på Eidsvoll i 1814, var også ein dag freden vart markert. Utanfor kyrkja i Vikebygd står ei minnestøtte med teksten: «Sjømenn frå Austre Vikebygd som ofra livet for Noregs fridom.» Her er det tradisjon å halda ei markering kvar 17. mai, etter gudstenesta.

I år var det 7. klasse ved Vik skule som hadde laga talen for dagen. Dei hadde både med om freden, grunnlova og framtidvisjonane deira for Vikebygd om 100 år. Skulelevane Even Larsen og Ada Nagel-Alne, heldt talen og la ned krans ved minnestøtta over dei falne, alt medan speidarane stod med flagg på kvar side av støtta. Seremonien kunne avsluttast med at Skule- og Ungdomskorpset spela: «Ja, vi elsker». At vi slik kan inkludere born og ungdom i markeringa av dagen er viktig. Dei er framtida vår og skal føra tradisjonane vidare.

Det er gode tradisjonar som vert haldne opp denne dagen. I Vikebygd var dei første på beina alt i



fem-tida for å gå til fjellet Trollanibba. Her er sett opp ei flaggstong der det norske flagget vert heist, 536 meter over bygda. Så er det speidarane som ynskjer folket velkomme til kyrkja ved at dei heiser flagget 9:45 i parken der det tidlegare har stått to staselege kyrkjer. Ei frå 1872 som brann ned i etter lynnedslag i 1926, og ei i stavkyrkje stil frå 1928, som brann ned i 1930. Då sa folket: «Aldri meir kyrkje av tre», og det vart sett opp ei murkyrkje i bygda, vigsla i 1937. Dette er den 5. kyrkja i Vikebygd gjennom tidene.

Det er i denne flotte murkyrkja bygda Vikebygd startar feiringa av nasjonaldagen med gudsteneste klokka 10:00 kvart år. Speidarar og musikkorps er aktivt med og set sitt preg på ei gudsteneste som samlar mykje folk. Her tonar også songen: «Gud signe vårt dyre fedreland», som også har med seg orda: «Får Gud ikkje vera bygningsmann, me fåfengt på huset byggjer. Etter denne starten på dagen kan folket gå i tog med hornmusikk, flagg og jubel til bygdahuset der det er leiker, mat og underhaldning.

## Vikebygd kyrkje

# Sakristiet får nytt kopartak

Av Steinar Skartland

**I mai har det vore stillas rundt sør-austre delen av Vikebygd kyrkje. Kopartekkinga på taket over sakristiet og kjøkkenet ved tårnfoten er fjerna.**

- Det var vasslekkasje i taktekkinga av kopar, fortel Svein Haakull i byggfirmaet Haakull & Ersland AS, som har fått jobben med å utbetre takskadane. Han rosar den vakre kyrkja i Vikebygd. - Denne kyrkja er unik så den må de ta godt vare på, oppmodar han.

Skadeårsaka kan ha vore vassinntringing eller kondens, men litt

vanskeleg å finna akkurat kor det er. - Nå har me skifta noko treverk og lagt på papp og nye lekter så det blir betre lufting. Spanne Blikk er leigd inn til å leggja nytt kopartak, så det blir fagmessig utført.

Vikebygd kyrkje har vore gjennom store oppussingar dei siste åra. For ei tid tilbake vart all maling og gammal puss skifta ut med gjennomfarga puss som ikkje treng malast, dører og vindauge er utbeta og det er bygd rullestolinngang. Det neste prosjektet som vert jobba med er å laga toalett inne i kyrkja, sør i våpenhuset. - Planane er godkjende både av riksantikvar og bispekontoret, fortel Arne Tveit som set i byggekomiteen.



-Finansiering skjer med midlar frå Bakkevigs fond, så me reknar med å kunna starta opp dette arbeidet innan kort tid.

# Konfirma

## Ølen

Fotograf Nordveit



Rekke 1 frå venstre: Eline Hundhammer Siglen, Janicke Hundseid, Lene Olsen; Mathilde Ebne, Ida Vaka, Maria Økland, Kristin Nøkland, S

Teresa Nesheim Øglænd, Astrid Haugland Gundersen, Guro Emilie Hiksdal Øglænd, Katrine Taraldsøy Hegge

Rekke 2 frå venstre: Ragnhild Lien, Kjersti Lothe Haga, Elisabeth Roa, Thomas Kirketeig, Tage Tverå, Maciek Bryczkowski, Lewis Paul H

Bjorn Tore Lunde(Bjoa), Vegard P. Økland, Kasper Arnestad, Magnus Djuve Vågen, Otto Chilombo Formo, Anette Espenvik, Ca

## Vats

Fotograf Nordveit



Framme frå venstre: Kjersti Søndenå Nygård, Kristine Tjeltveit, Pauline Vik Vestly, Christina B. Krakk, Hanne Hjorteland. 2. rekke: Aslaug Nordtveit, Ida Aksland, Lisa Sjurseike, Anna N. Fuglestein, Malin Haraldseid. 3. rekke: Tjerand Ruben Røgenes, Ole Krsitian Langeland, Ørjan Innvær, Kristen Magnus Simonsen, Marley Lopes. 4. rekke: Jon Ådnøy, Bjarte Vaula, Ellen Kristine Frøland, Randi Synnøve Stødle, Mathias Skrunes, Jørgen Ohm, Daniel Urdal, Ivar Hauso

Døvik, Jan Inge Velde, Espen Haraldseid, Atle Krakk Døvik, Martin Gjerde, Kjetil Krakk Eike.

## Vikedal



Bak frå venstre: Sondre Sigveson Skippev  
Vebjørn Skippevåg, Svein Ove Imsland, H  
Staurland. Framme frå venstre: Soknep  
Staknes, Lene Vormestrand, Camilla H  
Sigrid Mar

## Skjold

Fotograf Kjell Strand



Framme frå venstre: Anne Marte Søvik, Anna Klara Dybdahl, Guro Selvik Stendal, s.pr.Jon  
Ådnøy, Guro Kalstveit, Lisa Espeset Landa, Malin Hundhammer Reed. 2. rekke: Anita Øygard,  
Olav Ohm, Anders Handeland, Atle Wannberg, Martin B. Handeland, Solvår Haraldseid, Hanne  
Rugtveit. Bak: Malin Gullhaug, Sakarias Nesheim, Sjur Magnus Krakk, Gjert Severin Fjeldheim,  
Sebastian Nesheim Hustoft, Njål Tore Bakke, Jone Skjold, Eivind Haraldseid, Lars Henrik Monsen.

## Vikebygd



Framme frå venstre: Benedikte Storesun  
Ingrid Helgesen. Bak: s.pr. Jon Ådnøy,  
Fredriksen, Oliver Einarsen, Simon O

# ntar 2015



Suk Maya Tamang, Laila Greenwood Karstensen, en, Amalie Opstvedt, doggett, Eirik Vetrhus Dørheim, Tarjei Klungland, thrine Korneliussen, Caroline Lunde.



våg Tveit, Paul André Sævareid Espevoll, roar Guldhav, Bjørn Gjerde og Ole Tjerand rest Harald Eintveit, Lene Mathilde Vårvik Espevold, Ragnhild Kristine Løkken og ie Eikeland.



d Sætre, Ingrid Espeland, Rebekka Alne, Håvard Mortveit, Daniel Liorden, Adrian we, Even Grindheim, Oddvar Veastad.

## Imsland



Frå venstre: Torbjørn Imsland Mo, Kristine Skogen, sokneprest Harald Eintveit og Leiv Vidar Rønnevik.

Fotograf Nordhvet

## Bjøa



S.pr. Johannes Nedrelid, konfirmantane Bjørn Tore Lunde og Aina Brekke Yndestad. Kateket Britt Karstensen.

Foto: Privat

## Sandeid



Bak frå venstre: Sokneprest Harald Eintveit, Birgitte Reime, Eli Vestbø, Helene Bjelland, Signe Aarekol og Marte Helgevold. Framme frå venstre: Daniel Jansen, Emely Stütz, Emelie Gjerde, Tordis Hjelmtveit, Martina Ramsfjell, Karoline Vormestrond Kro og Mathias Bjelland Abelseth.

Fotograf Nordhvet

# Lundeneset satsar med nybygg

## Av Helge Johan Staurland

I byrjinga av mai starta grunnarbeidet til nytt møtesalbygg på Lundeneset. Rektor Gustav Løge Fosse håpar at bygget kan stå ferdig våren 2016.

Styret for skulen har godkjent ei kostnadsramme på 26,5 millionar for bygget, eksklusiv mva.

Rektor Gustav Løge Fosse fortel at noko av det som pressar nytt bygg fram, er ønsket om større og meir tenleg møtesal/auditatorium. Noverande møtesal er for liten, og det har blitt utvida med stolrekker inn i gymsalen i fleire år.

### Fleire klasserom

– Det nye tilbygget vil også innehalda ny naturfagsal og nye klasserom. Noverande matsal vil bli utvida inn i det nye bygget, forklarer Fosse

Han legg til at skulen har fleire behov som har vore drøfta over tid, og at styre, administrasjon og tilsette har hatt ein prosess for å sjå kva som er viktigast akkurat no.

Tilbygget kjem på sørsida av dagens hovudbygg, altså i forlenging av matsalen. Omega Areal er bygjeleiari for prosjektet.

### Ikkje meir internat

Fosse forklarer at det er ekstra utfordrande å byggja ut på denne måten, utan å utvide internatkapasiteten.

– Av staten får me støtte som blir rekna ut etter talet på elevar. Derfor gjev ikkje denne utbygginga oss



Slik ser ein føre seg at bygget vil sjå ut når det er ferdig. Perspektiv frå vest.  
Illustrasjon: Omega Areal.

særleg rom for å auka inntektene.

Komande skuleår skal det markera 50 år at Lundeneset er 50 år. Fosse håpar mange ser på dette som eit høve til å gi eit ekstra handslag til skulen.

– Låneramma er på 20 millionar. Me har noko eigenkapital, men ekstrainntekter i form av gåver til skulen er særskilt kjærkome akkurat no, seier Gustav.

Vil du vera med og støtta Lundeneset? Då kan du gi ei gåve på kontonummer 8220.02.90913. Det er også mogleg å bli fast gjevar til skulen. Dette kan du lesa meir om på nettsida våre, [www.lvs.no](http://www.lvs.no).



Foto: Helge Johan Stautland.  
Her, på sørsida av dagens matsal, vil tilbygget koma.

## Nye puter i kyrkjebenkene

### Ølen kyrkje:

Putene i kyrkjebenkene er gamle og utslitte. Det er difor bestilt nye puter som blir levert i mai. Det vert puter i alle benkene og innkjøpet vil kosta ca 100 000 kr. Soknerådet vil gjennomföra ein innsamlingsaksjon for å delfinansiera tiltaket.

Om det vert overskot etter ein slik innsamlingsaksjon, vil dette verta sett på fond og gå til framtidige investeringar i kyrkja. Merk privat gåve med «Puteaksjon Ølen kyrkje» og send gåva di til konto 3240.18.22711.

Leiar Ølen sokneråd



# ANNONSER OG KUNNGJERINGAR

Velkommen til  
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

LUNDENESET VGS • en kristen internatskole i Norge  
Vi er en del av NLMvgs • Vi er en del av NLMvgs • Vi er en del av NLMvgs

## GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller  
ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

## Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Tlf. 53 76 88 35 • [www.olenserter.no](#)



Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)



## Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

## STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:  
93 21 66 79 / 52 75 88 60



## KABB har gratis lydbibliotek-tjeneste: til trusopplæring - kyrkjelydsliv - personleg trusliv

Av Anna Berit Føyen,  
KABB og redaksjonen

KABB (Kristent Arbeid Blant Blinde og svaksynte) har ei lydbibliotektjeneste som vart oppretta på 1960-talet. Her har dei har lest inn store delar av den kristne litteraturen i Noreg. Og det beste av alt, den er heilt gratis.

I dag inneholder lydbiblioteket nærmare 2.000 titlar i ulike sjangrar: Barnebøker, ungdomsbøker, skjønnlitterære bøker, biografiar, historiske romanar, misjonslitteratur, lyrikk,

teologi, lydbiblar for barn og unge og oppbyggjelege bøker. Alle som av ein eller annen grunn ikkje kan lesa ei ordinær bok, kan låna bøker hos KABB.

- Send ein e-post, ta ein telefon eller skriv eit brev til oss, så ordnar vi resten. Men du treng ein Daisy-spelar eller liknande, slik at du kan lytta til bøkene, fortel bibliotekar Heidi Vestbye. - Utlånstenesta er gratis. Alle får lydbøkene sendt heim med posten.

Daisy er ein internasjonal standard for produksjon av lydbøker. Det er man-

ge som har krav på å få ein slik spelar, frå hjelpemiddelsentralen, men det går også an å lasta ned software frå internett og lytta til bøkene via ei datamaskin eller ein mp3-spelar.

Kontakt oss gjerne.  
Vi vil gjerne hjelpe deg:  
KABB, PB 333, 1802 Askim  
[kabb@kabb.no](mailto:kabb@kabb.no) – 69816981

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kl.	Kyrkje	Info
<b>7. juni</b> 2. s. i treeiningstida Joh 3,26-30	16.00	Vikedal kyrkje	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: MF
	11.00	Skjold kyrkje	Nattverd. Takkoffer: Normisjon
	11.00	Bjoa kyrkje	Dåp og nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.
<b>14. juni</b> 3. s. i treeiningstida Joh 1,35-51	11.00	Imsland kyrkje	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Kirkens Bymisjon, Rogaland.
	11.00	Vats på Refsnes	Friluftsgudsteneste. Speidarar. Takkoffer: Global K/M
	17.00	Vikebygd kyrkje	Nattverd. Takkoffer: Normisjon
	11.00	Ølen kyrkje	Dåp og nattverd. Takkoffer: Den indre sjømannsmisjon.
<b>21. juni</b> 4. s. i treeiningstida Matt 16,24-27	12.00	Sandeid kyrkje	Høgmesse. Dåp. Takkoffer: MF
	17.00	Skjold kyrkje	Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid
	10.00	Ølen kyrkje	Dåp og nattverd. Takkoffer: NLA
<b>28. juni</b> 5. s. i treeiningstida Matt 7,21-29	10.00	Vikedal kyrkje	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Blå Kors, Haugesund
	12.00	Vats kyrkje	Nattverd. Takkoffer.
<b>5. juli</b> Aposteldagen/6. s. i treeiningstida. Matt 16,13-20	16.00	Imsland kyrkje	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Norsk kirke i utlandet
	12.00	Vikebygd kyrkje	Nattverd. Takkoffer:
<b>12. juli</b> 7. s. i treeiningstida Luk 19,1-10	12.00	Skjold kyrkje	Nattverd. Takkoffer: Israelsmisjonen
	10.00	Ølen kyrkje	Nattverd. Takkoffer
<b>19. juli</b> 8. s. i treeiningstida Mark 12,37b-44	12.00	Vikedal kyrkje	Rootsgudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
	10.00	Bjoa kyrkje	Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
<b>26. juli</b> 9. s. i treeiningstida Joh 8,2-11	12.00	Sandeid kyrkje	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Frelesesarmeen, Sauda.
	10.00	Vats kyrkje	Nattverd. Takkoffer:
<b>2. august</b> 10. s i treeiningstida Matt 18,21-35	10.00	Vikebygd kyrkje	Nattverd. Takkoffer.
	12.00	Ølen kyrkje	Nattverd. Takkoffer
<b>9. august</b> 11. s. i treeiningstida Mark 2,23-28	16.00	Imsland kyrkje	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Konfirmantarbeidet.
	11.00	Skjold kyrkje	Nattverd. Takkoffer: Kirkens Bymisjon
<b>16. august</b> 12. s. i treeiningstida Luk 8,1-3	16.00	Vikedal kyrkje	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Institutt for sjelesorg.
	11.00	Vats kyrkje	Nattverd. Takkoffer.
<b>23. august</b> 13. s. i treeiningstida Luk 12,41-48	11.00	Sandeid kyrkje	Familiegudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer.
	11.00	Ølen kyrkje	Nattverd. Takkoffer:
<b>30. august</b> Vingardssøndagen/ 14. s. i treeiningstida 1 Kor 3,4-11	11.00	Vikedal kyrkje	Familiegudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer. Konfirmantarbeidet.
	11.00	Skjold kyrkje	Pres. av konfirmantane. 50 -års konfirmantane. Takkoffer: Normisjon
	17.00	Vats kyrkje	Pres. av konfirmandane/Takkoffer.
	11.00	Ølen kyrkje	Konfirmantpresentasjon. Takkoffer.
<b>6. september</b> 15 s. i treeiningstida Luk 10,38-42	11.00	Imsland kyrkje	Familiegudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer.
	11.00	Vikebygd kyrkje	Pres av konfirmantane. Takkoffer:
	17.00	Bjoa kyrkje	Familiegudsteneste. 4-årsbok og konfirmantpresentasjon. Takkoffer.

**"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast"** (Hebr. 10,25)

## På Vår-basaren i Vats kom det inn over kr 70 000!

Tusen takk til alle som kom! Takk til alle som hadde baka kaker, alle som frå tidleg morgen var med og steikte potetkaker, til dei som sytte for varme, nysteikte vaflar, hadde baka krottekaker eller kom med grautgryte. Til dei som på førehand selde lodd, var med i basarkomiteen, til alle som hjelpte til på basardagen, for ansiktsmalinga og til dei som rydda etterpå! Takk for alle fine gevinstar, for kjempefin song og musikk og til andaktshaldar Trygve Sandvik!

## Haustmarknad for Vats bedehus/soknehus

Har du lopper, kontakt:  
Yngve Stødle, 996 19 427 eller  
Karin Koltveit, 994 45 694.  
(...det som er skrot for deg, kan vera "gull" for andre.....)

Takkar for støtte til prosjeket med nytt hus, konto.nr er: 3330 Ynskjer du skattefritak, må du bruka Soknerådet sin konto: 3240 18 24234 Må då merkast med: Vats bedehus /soknehus-foreining

# MØTER OG KUNNGJERINGAR

## Bedehusa i Vats

19.08.	onsdag	Øvre Vats	NMS
26.08.	onsdag	Blikrabygda	Samemisjon
02.09.	onsdag	Kårhus	Samemisjon
09.09.	onsdag	Øvre Vats	Muslimmisjon

## Ilsvåg Bygdahus

18/7 laurdag basar til N.M.S. kl. 19:00  
Andakt /v Trygve Sandvik

## Takk til fam. Torbjørn Helgevold

for kr 6130 til Sandeid Kyrkje  
v/ Magnhild Helgevold si gravferd.  
Sandeid sokneråd v/Rakel Årak

## Utbjoa bedehus

27. juni kl. 16:00 BASAR NMS

## Loppemarked på Stemnestaden

i Grinde laurdag 20.juni kl. 10:30. Sett av dagen! Her blir også kafeteria, kiosk og auksjon. Mykke rart og billig skal seljast til inntekt for leirplassen. Info Tlf. 98216182.

## Vikestølsmøte

28. juni kl. 12:00

## Bygdeweekend for Skjold kyrkjelyd

Det vil bli arrangert Bygdeweekend for Skjold kyrkjelyd helga 18.- 20. september. Meir info og program i neste nr., eller kontakt Ingfrid Byrkja Hystad i komiteen, Tlf 92207828.

## Vågen bedehus

Søndag 07.06 Møte kl. 19:30  
Onsdag 10.06 Bønnemøte kl. 19:30  
Søndag 14.06 Møte kl. 19:30  
Onsdag 17.06 Bønnemøte kl. 19:30  
Søndag 21.06 Møte kl. 19:30

Fredag 21.08 Opningshelg. Møte kl. 19:30  
Laurdag 22.08 Formiddagsmøte kl. 11:00  
Laurdag 22.08 Generasjonssamling kl. 18:00  
Søndag 23.08 Formiddagsmøte kl. 11:00  
Onsdag 26.08 Bønnemøte kl. 19:30  
Søndag 30.08 Søndagskaffi kl. 16:00 eller møte kl. 19:30  
Onsdag 02.09 Bønnemøte  
Søndag 06.09 Møte kl. 19:30  
Onsdag 09.09 Bønnemøte kl. 19:30  
Søndag 13.09 Søndagsmøte kl. 19:30

## Skjold

4. juni TORS Kyrkja Barnekor 17:00-17:45  
23. juni TYSD Austrheim St. Hansfeiring

# FRÅ KYRKJEBOKA

## IMSLAND

### Døpte:

08.03. Andrine Endresen  
05.04. Amanda Hundseid

## VIKEDAL

### Døpte:

19.04. Sofus Hundseid Røssland  
19.04. Iljas Espenvoll Caliskan

### Døde:

07.03. Magna Espenvoll f. 1908  
27.03. Anna Judith Bakkedal f. 1915

## SANDEID

### Døpte:

05.04. Daniel Veland Skeie (Odda kyrkje)  
05.04. Kristian Veland Skeie (Odda Kyrkje)  
12.04. Eline Apeland Haugen  
14.05. Cornelius Bjelland Rekkedal  
(døpt i Stødle kyrkje)

### Vigde:

21.03. Mildrid Arianson og Aleksander  
Åsheim Stople

### Døde:

02..03. Magnhild Helgevold f. 1951  
06.03. Nelly Beate Vestbø f. 1914  
07.04. Osmund Bertinius Helgevold f.1933

## SKJOLD

### Døpte:

08.03. Synnøve Kalstveit Sjurseike  
29.03. Silje Stuhaug  
29.03. Mari Gundersen Langelandsvik  
29.03. Ådne Voll  
03.05. Sofia Corvera Førland  
  

### Vigde:

18.04. Stine Therese Wollertsen og  
Thomas Steensnæs Nilsen

### Døde:

08.03. Marie Langeland f. 1928  
11.03. Gudmund Ingolf Skartland f. 1930  
21.03. Helga Gurine Breivik Dahl f. 1950  
22.03. Agnes Marie Håkull f. 1926  
08.04. Borghild Mortveit f. 1929  
20.04. Harald Ersland f. 1929  
03.05. Martin Ørke f. 1935

## VATS

### Døpte:

01.03. Emma Louise Langeland Steinsland  
01.03. Lillian Log Rødde  
15.03. Veslemøy Fadnes  
26.04. Anita Magalhaes Ohm

### Døde:

04.03. Magnus Skjervheim f. 1932  
04.03. Helga Strand f. 1917  
16.03. Nelly Mathilde Innvær f. 1927  
25.03. Ingvald Røgenes f. 1931

## VIKEBYGD

### Døde:

27.02. Kristine Hovda f. 1933  
02.03. Inger Alne f. 1926  
29.03. Svein Kvinnesland f. 1947  
07.05. Sven Årvik f.1926

## ØLEN

### Døyp i Ølen

15.03. Mildrid Bjørnevikt  
15.03. Chathrine Korneliussen  
15.03. Fredrik Korneliussen  
15.03. Lewis Paul Hoggett  
15.03. Suk Maya Tamang  
  

### Døde i Ølen

03.03. Inga Marie Hvidsten . 1932  
07.03. Olav Huse f. 1930  
17.03. Åsmund Ekrheim f. 1936  
08.04. Julie Marie Stålesen f. 1922  
09.04. Gunvor Marie Djuve f. 1924  
21.04. Martha W. Heggen f. 1921  
30.04. Torstein Åsbø f. 1924  
02.05. Kjell Olav Saltvold f. 1953  
03.05. Jostein Bråteit Ekrheim f. 1991

## BJOA

### Døyp i Bjoa

03.05. Tuva Vølstad Stople

03.05. Aina Brekke Yndestad

### Døde i Bjoa


06.04. Bjørn Otto Birkeland f. 1936  
24.04. Gunhild Vabø f. 1912



# BARNAS SIDE

## Fargelegg

Jesus er ljoset for verda.



## Prikk til prikk

Teikne ein strek fra 1 til 2 og så vidare.  
Kva skjuler seg her?



Teikningar: Asbjørn Tønnesen

## Finn 5 feil

Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Det skal veljast både nye sokneråd, nytt bispedømeråd og kyrkjemøte i september. Neste nr. blir det presentasjon av kandidatar til vala og informasjon frå bispedømmerådet. I sommar er det mykje arbeid som tar ferie i kyrkjelydane og bedehusa. Send gjerne inn informasjon om barne- og ungdomsarbeid som startar opp igjen til hausten, helst innan fristen 10. august, men om det er stoff eller kunngjeringar som er varsle innan denne fristen, kan vi ta mot dette fram til 17. aug.

God sommar. Helsing Steinar Skartland.

**Andaktstelefonen**  
**380 91 700**

Åpent hele døgnet!  
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...  
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med når livet er som verst  
SOS-Chat:  
[www.soschat.no](http://www.soschat.no)

**Kirkens SOS**  
**815 33 300**

SOS-melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 3. september  
Frist for innlevering av stoff er 10. august.